

Frå Eksingedalen Idrettslag  
v/leiar Anna Sveinungsdotter Bergo  
5728 Eidslandet

Til Vaksdal kommune  
Søknad bygdeutviklingsutvalet  
5722 Dalekvam

Eksingedalen 27.08.2023

### **Søknad om midlar til oppsetjing av utlånsbu på Bergo i Eksingedalen**

Eksingedalen Idrettslag (org.nr 993921742) søker med dette Vaksdal kommune om kr 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar til oppsetjing av utlånsbu på Bergo.

**Om prosjektet:** Eksingedalen idrettslag ynskjer å setja opp ei utlånsbu på Bergo der det skal vera lett å låna idrett/tur-utstyr for dei som treng det. I første omgang er det tenkt at utlånsbua skal innehalde skiutstyr (langrenn, slalåm, fjellski) med ski, sko og stavar, skøyter og fotballsko. Det skal vera gratis å låna og lett tilgjengeleg. Born og unge veks fort og rekk ikkje bruka skiutstyr lenge før sko er for små og ski for korte. Å kunne ha mogelegheita til å låna utstyr for ein dag eller ein periode er berekraftig og økonomisk. Det er viktig å ha slike tilbod i Eksingedalen. Utlånsbua vert bygd inne på fotballbana på Bergo, like ved Eksingedalen Oppveksttun.

Eksingedalen IL har ansvar for bygget og for å drifte det. Idrettslaget og Eksingedalen Oppveksttun planlegg å samarbeide om vedlikehald av utstyret då valfag på ungdomsskulen (innsats for andre og friluftsliv) kan vera med på 1-2 dagar i året på vedlikehald av utstyr som t.d. fikse skolisser, smøre sko, glide ski osv. Ungdomsskulen har hatt ein kunst – og handverksdag på utlånsbua der dei spikra tak.

Utlånsbua vert bygd på dugnad av medlemmar i idrettslaget. Bygginga av utlånsbua starta i vinter, og me er godt i gang med arbeidet. Til no er det lagt ned 115 timar på bygget. Det er planlagt ferdigstilling av bygget i løpet av hausten 2023, slik at det kan samlast inn utstyr før vintersesongen set i gang. Utstyret skal i hovudsak samlast inn i bygda, og idrettslaget planlegg å oppfordra til å rydda loft og kjellar for utstyr som er fint og godt, men i lite bruk.

Ei utlånsbu i Eksingedalen er berekraftig og inkluderande. Det bidreg til at alle kan nytta godt av all den fine snøen me er omgitt av om vinteren. Om

somrane er det mykje aktivitet på fotballbana, der ungdommar frå dalen som er heime samlar seg og spelar, då er det kjekt å kunna stikka innom å låna seg eit par fotballske.

Idrettslaget har vore i kontakt med Trond Olav Magnussen som har antyda at det går an for idrettslaget å oppretta eit samarbeid med BUA i Vaksdal for å låna utstyr frå BUA hit. For foreldre i Eksingedalen er det langt å reisa til Dale for å låna utstyr.

### **Budsjett og eigeninnsats:**

Budsjett inkl. mva	
Materialkostnader	61 684,- (sjå vedlagt faktura)
Torv til taket	25 000,-
Innredning inkl. måling innvendig	15 000,-
<b>SUM</b>	<b>101 684,-</b>
<b>DUGNADSTIMAR (a 300,-)</b>	
Brukt	115 timar
Timar som gjenstår	55 timar
<b>Sum dugnadstimar:</b>	<b>170 timar (51000,-)</b>

# Bilete frå dugnad

